

# NAUSTOMRÅDET N2

## FINNØY HAMNEOMRÅDE

### REGLAR FOR BYGGING PÅ OMRÅDET

#### 1 Området:

Den delen av N2 som ligg nord for Krogsæternaustet.

#### 2 Planstatus:

Området er regulert og det blir vist til kart for utnytting dat. 1.12.02

#### 3 Bygging:

På området kan byggast kai og naust. Kailina skal vere som vist på kartet og som eksisterande fundament/stolpar gir.

#### 4 Storleik:

Naust kan oppførast med maksimal grunnflate 50 kvm.

Naust nr 1,2,3,4,5 kan ha maksimal breidde 6 meter og maksimal lengde 10 meter. ( på planen er nausta teikna 6x8 m)

Dei andre nausta kan ha maksimal breidde 5 meter og maksimal lengde 8 meter, 7 meter for naust nr. 8

Raftehøgda skal vere maksimum 2, 4 meter og takvinkelen 40 grader.

#### 5 Plassering:

Nausta skal plasserast 2,5 – 3,5 meter frå kaifronten. Naust nr.7og 8 skal plasserast 2,5 m frå kaifronten. Nausta skal plasserast minimum 1 meter frå bytet Golvhøgda skal være den same som i Krogsæternaustet

#### 6 Byggemelding

Bygging av naust skal meldast etter plan og bygningslova på vanleg måte.

#### 7 Fråvik

Kommunen kan i særlege høve gjere mindre fråvik frå desse reglane. Det må då ikkje føreligge vesentlege merknader til slik endring.

Sandøy kommune, 01.12.2002

  
